

Samarbeidsrådet for Sunnhordland  
Strandsoneplan Sunnhordland. Delrapport kulturminner

Utgåve: [Revisjon]

Dato: 2015-02-02



---

## DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjever: Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Rapportnamn: Strandsoneplan Sunnhordland. Delrapport kulturminner

Utgåve/dato: 2015-02-02

Oppdrag: 531470 – Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland

Oppdragsleiar: Knut Hellås

Fag: Kulturminne og kulturmiljø

Tema Konsept og mulighetsstudier

Skriven av: Kjersti Ingolvsdotter Vevatne

Kvalitetskontroll: Kjell Arne Valvik

Asplan Viak AS [www.asplanviak.no](http://www.asplanviak.no)

---

## FØREORD

Asplan Viak har vore engasjert av Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hordaland fylkeskommune for å lage Strandsoneplan for Sunnhordland og grunnlag for Fylkeskommunen sin kystsoneplan for Hordaland. Tore Bjelland har vore kontaktperson for oppdraget. I Hordaland fylkeskommune har Eva Katrine Taule og Elizabeth Warren vore kontaktpersonar.

Knut Hellås har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Bergen, 1. februar 2015

Kjersti I. Vevatne

Temaansvarleg kulturminne

Kjell Arne Valvik

Kvalitetssikrar

**INNHALDSLISTERE**

|  |    |
|--|----|
| Føreord .....  | 4  |
| 1 Innleiing.....   | 6  |
| 2 Mål, retningslinjer og lover.....                            | 7  |
| 3 Om analysetemaet .....                                       | 8  |
| 4 Metode .....   | 8  |
| 5 Kulturhistorisk utvikling.....                               | 11 |
| 6 Kulturminne og kulturmiljø i strandsoneplanen .....          | 14 |
| 6.1 Steinalderlandskapet.....                                  | 14 |
| 6.2 Bergkunst.....   | 17 |
| 6.3 Kystrøysene .....  | 19 |
| 6.4 Forhistoriske nausttufter.....                             | 20 |
| 6.5 Kyrkje - kloster– kongemakt – adelsskap og overklasse..... | 22 |
| 6.6 Sjøbruksmiljø og handel.....                               | 24 |
| 6.7 Kolerakyrkjegardar .....                                   | 4  |
| 6.8 Fiskarbonden .....   | 6  |
| 6.9 Utnytting av råstoff i berg og fjell. ....                 | 7  |
| 7 Samandrag og Avslutning .....                                | 10 |
| 8 Kjelder og arkivopplysninger .....                           | 12 |

## 1 INNLEIING

Formålet med kulturminnetema i Strandsoneplanen er å synleggjere den historiske bruken av strandsona, og vise korleis sjø- og strandsone har vore heilt sentral for næring og leveveg så lenge det har budd menneske i Sunnhordland. Målet er å vise det kulturhistoriske særpreget i regionen, men også å synleggjere variasjonen og mangfaldet ein finn frå den øyrike ytterkysten i vest til det bratte fjordlandskapet i aust.

Generelt er Sunnhordland og Ytre Hardanger område som er svært kulturminnerike. Det er derfor viktig å få kartfesta og omtalt dei kulturminna som er av særleg høg verdi (regional og nasjonal interesse), og som i tillegg kan seiast å vere ein viktig del av Sunnhordland si historie og forhistorie. Såleis er på langt nær alle kulturminne som er kjende tekne med i karta, eller blitt omtalt. Det finst til eksempel mange automatisk freda kulturminne med nasjonal verdi som ikkje vert nemnde. Grunnen er at det er heilt naudsynt at strandsoneplanen avgrensar fagtemaet til ein storleik som er handterbar i analysen, og som er av relevans for strandsoneplanen på eit overordna nivå. Kulturminne og kulturmiljø som ikkje er avmerkt eller omtalt i strandsoneplanen må likevel takast omsyn til i handsaminga av enkeltsaker. Samtidig bør forvaltninga legge vekt på at dei kulturminna og kulturmiljøa som er peika ut som viktige på overordna nivå skal ha ei prioritering og vektlegging som vert vidareført på lågare plannivå.

Sunnhordland si strandsone er rik på kulturminne og kulturmiljø. Dei fortel om busettnad frå dei eldste tidene i steinalder heilt til vår tids bruk av kysten med hamner, naust og fritidshus. Generelt er det småskalabonden, eller fiskarbonden sine spor som dominerer. Her finn ein få prangande storgardar eller nasjonale monument, men derimot eit kulturlandskap og ein gardsstruktur som kjenneteiknar den tradisjonelle vestlandsgarden der jordbruket aleine ikkje alltid var nok til å brødfø heile familien. I dei mange vikene og gode hamnene finn ein strukturar og bygningsmiljø som fortel om liv der sjøen var det viktigaste for ferdsel, handel og mat på bordet.

Denne rapporten er den kulturhistoriske temadelen i Strandsoneplanen og gjev argumentasjon for kva som er valt ut, og kvifor. Forslag til retningslinjer og forvaltning er drøfta i hovudrapporten.

## 2 MÅL, RETNINGSLINJER OG LOVER

Formålsparagrafen (§1) i Kulturminnelova av 9. juni 1978:

*"Kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ivareta desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd".*

"Leve med kulturminner" (Stortingsmelding 16., 2004-2005) er retningsgivande for kulturminneforvaltninga i Noreg. Utgreiinga inneheld vurderingar og formuleringar av verdigrunnlag, mål og strategiar for ein fornya kulturminnepolitikk. Den gjev også ei rekke konkrete anbefalingar.

Fylkestinget i Hordaland vedtok 11. juni 1999 ein fylkesdelplan for kulturminne "Kultur viser veg" (Hordaland fylkeskommune, 1999). Handlingsprogrammet for kulturminnevern 1999 - 2010 for Hordaland inneheld satsingsområde og prioriteringar for den regionale kulturminneforvaltninga som er førande for Hordalandsregionen. Det overordna målet med planen er formulert slik: *"Forvalta kulturarven i Hordaland slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne og kulturmiljø som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida".* Kulturarven er ein ikkje-fornybar ressurs. Planen set fokus på auka bevistgjering om kulturminna sin eigenverdi og gjev retningslinjer for vern av kulturminner og kulturmiljø. Fylkesdelplan for kulturminne er eit verkemiddel til å gjere riktige og langsiktige prioriteringar i kulturminnevernet. Det er trekt fram tema som er særleg viktige i det regionale kulturminnevernet:

1. Vernearbeid – verneplanar og forvaltningsplanar.
2. Betre forvaltning av kulturminner ved auka fokus på kulturminner i fysisk planlegging, større kreativitet i høve verdifastsetting og ny bruk av kulturminne, samt betre samordning av verkemidlar og samarbeid.
3. Formidling

Kommunane står framfor store utfordringar innafor miljø- og ressursforvaltning, også innafor kulturminneverdiane som er ein del av dette arbeidet. Kulturminne og kulturmiljø er ein del av omgjevnadene våre, ein del av landskapet og bygningsmiljøet. Dei bidreg med kunnskap om tidlegare tider, dei gjer opplevingane våre rikare, både fysisk og mentalt. Samstundes er dei ein ressurs vi ikkje kan fornye, og som vi derfor må ta godt vare på og forvalte til det beste for komande generasjonar. Kulturminne og kulturmiljø representerer vårt kollektive minne om tida som har gått, og korleis det var å vere menneske før og korleis samfunnet har vore organisert.

### 3 OM ANALYSETEMAET

Kulturminnetemaet omfattar automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537), marine kulturminne, nyare tids kulturminne og heilskaplege kulturmiljø. Dette inkluderer også den historiske delen av kulturlandskapet.

Utgreiingstemaet omfattar registrerte freda kulturminne, nyare tids kulturminne og kulturmiljø i regionen.

Kulturminnelova definerer **kulturminne** som *"alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til"*. Dette kan vere buplassar, graver, dyrkingslag, fangstanlegg, jernvinneanlegg, kyrkjer og kultstader, samt restar av mellomalderbyar.

Med **kulturmiljø** meiner ein område der eitt eller fleire kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng. Ei samla vurdering av eit område si kulturhistorie, kulturminne og tidsdjupne vil danne grunnlag for avgrensing av kulturmiljø. Omgrepene kulturmiljø famnar den samanhengen dei inngår i. Denne samanhengen er viktig for deira verdi som kulturminne. Det er ein nær samanheng mellom kulturmiljø og landskapstype.

Forvaltninga skil mellom automatisk freda kulturminne (også kalla fornminne) og etterreformatoriske kulturminne. Fornminne er kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), med unntak av ståande bygningar og myntar (1650), og samiske kulturminne og kulturminne i vatn og vassdrag (eldre enn 100 år). Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringssone på minst fem meter omkring det, inntil rette forvaltningsmyndigkeit har bestemt noko anna. Etterreformatoriske kulturminne, frå tida etter 1537, kan fredast etter vedtak. At eit kulturminne er freda betyr at det er underlagt kulturminnelova. Det finst ulike paragrafar i lova til bruk for ulike typar kulturminne og kulturmiljø. Freding vert vedteke av staten ved Riksantikvaren og gir kulturminnet eit sterkt vern. Ved nyare fredingsvedtak vil det ligge føre detaljerte fredingsføresegner.

### 4 METODE

Denne delrapporten skal via kjende kjelder og faglege vurderingar og kjennskap til Sunnhordland / Ytre Hardanger påvise kulturminne og kulturmiljø som er særleg viktige for regionen si historie og forvaltning i strandsona. Generelt er Sunnhordland og Ytre Hardanger område som er svært kulturminnerike. Det er derfor viktig å få kartfesta og omtalt dei kulturminna som er av særleg høg verdi (regional og nasjonal interesse), og som i tillegg kan seiast å vere ein viktig del av Sunnhordland si historie og forhistorie. Såleis er på langt nær alle kulturminne som er kjende tekne med i karta, eller blitt omtalt. Det finst til eksempel mange automatisk freda kulturminne med nasjonal verdi som ikkje vert nemde. Grunnen er at det er heilt naudsynt at strandsoneplanen avgrensar fagtemaet til ein storleik som er handterbar i analysen, og som er av relevans for strandsoneplanen på eit overordna nivå. Kulturminne og kulturmiljø som ikkje er avmerkt eller omtalt i strandsoneplanen må likevel takast omsyn til i handsaminga av enkeltsaker. Likevel skal forvaltninga legge vekt på at dei kulturminna og kulturmiljøa som er peika ut som viktige på overordna nivå skal ha ei prioritering og vektlegging som vert vidareført på lågare plannivå.

I val av kva kulturminne og kulturmiljø som er vektlag i særleg grad i denne analysen har ein nytta følgjande kriterier:

1. Kulturminne i strandsona som etter ei fagleg vurdering må reknast som særmerkt for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Med «særmerkt» meiner ein ikkje spesielle eller unike, men typiske, og som set sitt preg på regionen.
2. Kulturminne i strandsona som ut frå ei kvalitativ fagleg vurdering har høg kulturhistorisk verdi
3. Kulturminne som kommunane sjølve meiner er viktige, og som er prioriterte i kommunen si handsaming t.d. ved å vere omtalt og kartfesta i kommunale kulturminneplanar.

Vurdering av kulturhistorisk verdi tar utgangspunkt i metodane i Statens vegvesen si *Håndbok 140 om konsekvensanalysar* (Statens Vegvesen, 2006) og Riksantikvaren sin rettleiar *Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar* (2003). Metodikk er tilpassa dette plannivået. Rapporten er basert på eksisterande kulturhistoriske registreringar og kjelder. Det er utarbeidd temakart for kulturminne og kulturmiljø.

Kulturminna er delt inn i fire hovudkategoriar, som er gjort synleg i kart og lister (vedlegg).

|              |   |
|--------------|---|
| Freda objekt | Freda objekt eller miljø – vedtaksfreda, forskriftsfreda, automatisk freda, fredingssak pågår eller listeførte kyrkjer.                           |
| Kategori A   | Objekt / miljø i fredingsklasse som har høge verneverdiar knytt både til enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i. Ligg ofte i urørte område i dag. |
| Kategori B   | Objekt / miljø med høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei inngår i.   |
| Kategori C   | Objekt / miljø med verneverdiar først og fremst knytt til enkeltobjekt og mindre til samanhengen dei inngår i.                                    |

For kulturminnetema har ein vurdert at sona frå 0-200 meter er av relevans for analysen, og at dette vil vere kulturminner som i større eller mindre grad ligg i ein relasjon til sjø og kyst. Dette gjer at ein i størst mogeleg grad fangar opp reelle situasjonar som vil kunne oppstå i vidare planarbeid og konkrete saker. I delkarta som er vist i temarapporten er kulturminner innafor 200 meter frå strandsona teke med som relevante for denne planen – og dei inngår også som kulturminnepunkt vist i vedlegg. Kulturminne som ligg i 200 meter avstand frå strandsona er ikkje med i strandsoneplanen, men er illustrert i kart med grå farge. Det er utarbeidd eit samlekart som viser «kulturminnerik strandsone».

På grunn av målestokken i samlekartet, og at objekta er svært små, er det laga polygon rundt samlingar med tre eller fleire objekt som ligg nærmere enn 500 meter i avstand frå kvarandre. Dei aggregerte polygona (via arcgis) er tilpassa målestokken, og vil ikkje gje eit godt bilet ved ein større målestokk. Polygona med «kulturminnerik strandsone» illustrerer område i Sunnhordland der kulturminne ligg tett – utan at kulturhistorisk verdi er teke omsyn til. Avmerkingane er for generelle til at dei kan nyttast som grunnlag for å definere eventuelle omsynssoner i arealplanar. Steinalderbuplasser er *ikkje* teke med som grunnlag i aggregering av «kulturminnerik strandsone», men er illustrert i kartet. Årsaka til dette er at dei har ei vid utbreiing i dei ytste kommunane, og er å rekne som ein del av det generelle kulturhistoriske biletet i denne delen av Sunnhordland. For å kunne utkrystallisere eit særskilt mønster, eller særleg kulturminnetette område, vart det valt å halde dei utanfor aggregeringa.

På grunn av at samlekartet berre viser funn i 100-metersbeltet er marine funn ikkje med. Dei er elles vist i eige kart i denne rapporten, og inngår i punktliste som vedlegg.

## 5 KULTURHISTORISK UTVIKLING

For 20 000 år sidan låg Vestlandet under tjukk is. I tida etter 10 000 f.Kr. trakk den store innlandsisen seg tilbake i etappar med mindre tilbakeslag. Dei tidlegaste menneska i Noreg var fangstfolk, som dreiv med jakt, fiske og sanking. Etter kvart som isen trekte seg tilbake, fylgte menneska etter. Desse tidlegaste jegerane og samlarane har utnytta store område og stadig vore på flyttefot. Dei eldste kjende buplassane på Vestlandet er datert til ca. 8-9000 f.Kr. Desse buplassane finn ein helst ute langs kysten, eller på høgfjellet. I Sunnhordland er særleg kommunane Bømlo, Stord og Austevoll rike på steinalderbuplasser. Det typiske er at buplassane ligg i strandsona i små, lune viker.

Perioden yngre steinalder (ca. 4000 – 1800 år f.Kr.) og bronsealder (ca. 1800 – 500 f.Kr.) er ei brytingstid mellom fangst og jordbruk. Med jordbruket vart menneska meir bufaste fordi buskapen vart ein stabilisering faktor i hushaldet. Dei første jordbrukarane slo seg ned på lettdriven og sjølvdrenerande morenejord i nærleiken av vatn. Mange av buplassane vart lagt i område som framleis blir brukt til jordbruk. Mykje tydar på at det tidelege jordbruket var ei tilleggsnæring til jakt, fangst og sanking, som framleis var den viktigaste næringstilgangen i fleire tusen år. Bondenæringa spreidde seg i aukande tempo i sentrale områder i låglandet. I bronsealderen vart reiskap, våpen og anna utstyr i hovudsak laga av stein, bein, tre og andre naturmaterialar som i steinalderen. Framleis er kystkommunane i Sunnhordland rike på funn, men ein ser også at dei indre kommunane i større grad er komne i bruk, slik som Etne og Kvinnherad.

Då folk i Sør-Skandinavia gjekk over til jordbruksnæringa, skjedde dette i spreidde tilløp langs kysten, medan innlandet heldt på jegersamfunnet. Enkelte spreidde funn vitnar om at folk har kjent til den nye livbergingsmåten i eigna område, men at jakt og fangst fortsett var det viktigaste livsgrunnlaget på denne tida. Dei tydelegaste teikna på dette er dei nye reiskapane – skogsryddingsøksene. Innslag av jordbruk og husdyrhald kom først i siste del av yngre steinalder i dette området. Gjenstandsfunn, buplassar og jordbrukspor dokumenterer dette. Det tidelege jordbruket vart drive ekstensivt, med regelmessige flyttingar når jorda var utpint.

Funn tyder altså på etablering av ei jordbruksbusetnad i yngre steinalder og vidare fram gjennom bronsealderen. Gravminna finst både enkeltvis og i større gravfelt. I jernalder kan ein mellom anna ut frå gravfunn sjå at busetnaden var vorten meir stadbunden. Spor etter busetnad, både i hus og hellarar, samt dyrking viser at jordbruksbusetnaden er vorten fastare ut over i jernalderen. Gradvis vart landskapet organisert i tun, innmark og utmark. Folk fekk hevd på eige område, og ein reknar med at eigedomsretten over land i alle fall går tilbake til jernalder, for om lag 2000 år sidan. Fram mot yngre jernalder ser busetnaden i stor grad ut til å ligge i dei same områda som dagens jordbruksbusetnad. Langs kysten kan ein finna kystrøyser plasserte godt synlege langs leia. Spor etter naust for store og små båtar finst fleire stader i Sunnhordland – ikkje uvanleg i bakkant av moderne naust. Gode hamner i dag var gode hamner den gong og.

Utnytting av dalføra med utmarksressursar har lang tradisjon, og jakt og fiske har vore viktig så lenge det har budd menneske i landet. Spor etter denne aktiviteten kan ein sjå i form av fangstbuplasser og fangstanlegg i fjellområda. Utmarksressursane har vore viktig for gardane, og støling er ei driftsform som var blitt vanleg i jernalder.

Næringsgrunnlaget i mellomalderen var jordbruk og husdyrhald, fiske, jakt og fangst. Dei eldste gardane strekte seg over store område og hadde rettar i skog og fjell. Etter kvart som folketalet auka, vart gardane delt i fleire bruk.

På 12-1300-talet haldt delinga og nyryddinga fram i stor stil, med bondesøner og frigjevne trælar som nybyggjarar. Bøndene eigde ikkje all jorda. Stormenn, kongen eller kyrkja var store jordeigarar. Ei stor gruppe jordbrukarar var leiglendingar. Etter det løfterike 1200-talet ser det ut til å ha vorte ein stagnasjon og nedgang allereie tidleg på 1300-talet. I 1349 kom pesten og etterlet eit ukjent tal ofre. Kor mange ofre den etterlet seg veit ingen, men for heile landet døydde meir enn ein tredjedel av alt folket. Ein veit at det var fleire epidemiar som herja utover heile 1300-talet, men at det var etter Svartedauden at så mange garder vart lagt øyde. Det vart lett å leige jord, då det på kort tid vart fleire gardar ledige enn leigarar. Mange forlatne bruk stod til forfall, husa rotna ned, åkrane grodde til med skog og vart igjen allmenningar, andre vart lagt under nabogarden, eller tekne opp att som stølsområde.

Utover 1500-talet byrja landet å koma seg etter nedgangstida i dei harde 1300-åra, og folketalet auka stadig. Fleire av dei nedlagde gardsbruken vart tekne opp igjen. Med aukande folketal fylgde store gjenryddingar av øydegardar, nydyrkning og deling av større gardar. Samstundes med at skattane steig utover i 1500- og 1600-åra, opna det seg fleire nye næringsvegar. Bergverksdrift med tilhøyrande ved- og tømmerhogst kom i gang, og trelasthandel og handtverkarfaga utvikla seg. Sjølv om ei bygd ikkje var direkte råka, ville det få innverknader. Bøndene fekk betre høve til å selje det dei hadde til overs av produkt på garden; korn, humle, smør og ost, hestar og slaktefe, huder og skinn. Handelen i byane og de faste marknadane tok seg opp. Ny matrikkel låg ferdig i 1669, og var frem til 1836 grunnlag for berekning av skattar og fordeling av alle slag forutan å vera eit register over jordeigedomar. Kongen la ned forbod for dei nye jordeigarane å auke landskulda og bygselavgifta. Jordeigarane fann det derfor meir lønsamt å setje pengar i sagbruk, skipsfart og handel, og selte derfor eigedomane sine til leiglendingane. På 1700-talet vart derfor dei fleste bøndene i bygdene sjølveigarar, og gardar som høyrt til kyrkja og offentlege institusjonar vart færre.

Frå middelalder og fram til utskiftingane i andre halvdelen av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, var dei fleste tuna fleirbølte klyngetun eller rekketun. Rekketun vert rekna som den eldste tunforma. Med utskiftinga vart husa flytta og gjenreist på nye tun. Dei fleste leinstover og etter kvart hus i sveitserstil vart bygd etter utskiftingane.

Jordbruket heldt stand i det gamle sporet fram til 1850 då betre driftsmetodar og nye reiskap reformerte drifta. Det vestlandske jordbruket hadde hovudvekta på husdyrhald med kjøt- og mjølkeproduksjon. Tidleg på 1800-talet finn vi derfor ei rekke meieri rundt om i bygdene. Maskinjordbruket tok til i 1870-åra. Jordbruket hadde vorte eit handelsjordbruk. Byane vaks, og aukande industri med nye arbeidsplassar gjorde at marknaden for landbruksproduksjon auka. Dei store omveltingane i landbruket verka inn på livet i bygdene. Folk hadde pengar, mange ting måtte kjøpast, og landhandleria vaks fram.

|                               |   |
|-------------------------------|---|
| <b>9000 - 4000 f.Kr.</b>      | <b>ELDRE STEINALDER (MESOLITICUM – MESOLITTISK TID)</b> |
| 9000 - 8200 f.Kr.             | Tidligmesolitikum (TM)                                  |
| 8200 - 6300 f.Kr.             | Mellommesolitikum (MM)                                  |
| 6300 - 4000 f.Kr.             | Senmesolitikum (SM)                                     |
| <b>4000 - 1750 f.Kr.</b>      | <b>YNGRE STEINALDER (NEOLOTICUM – NEOLITTISK TID)</b>   |
| 4000 - 3400 f.Kr.             | Tidlige neolitikum (TN)                                 |
| 3400 - 2700 f.Kr.             | Mellomneolitikum A (MN A)                               |
| 2700 - 2400 f.Kr.             | Mellomneolitikum B (MN B)                               |
| 2400 - 1750 f.Kr.             | Senneolitikum (SN)                                      |
| <b>1750 - 500 f.Kr.</b>       | <b>BRONSEALDER (BRA)</b>                                |
| 1750 - 1100 f.Kr.             | Eldre bronsealder (EBRA)                                |
| 1100 - 500 f.Kr.              | Yngre bronsealder (YBRA)                                |
| <b>500 f.Kr. - 1000 e.Kr.</b> | <b>JERNALDER (JA)</b>                                   |
| 500 f.Kr. - 570 e.Kr.         | Eldre jernalder (EJA)                                   |
| 500 f.Kr. - Kr.f.             | Førromersk jernalder (Kelttid)                          |
| Kr.f. - 400 e.Kr.             | Romersk jernalder (Romertid)                            |
| Kr.f - 200 e.Kr.              | Eldre romertid  |
| 200 - 400 e.Kr.               | Yngre romertid  |
| 400 - 570 e.Kr.               | Folkevandringstid                                       |
| 570 - 1000 e.Kr.              | Yngre jernalder (YJA)                                   |
| 570 - 800 e.Kr.               | Merovingertid   |
| 800 - 1000 e.Kr.              | Vikingtid   |
| <b>1000 - 1537 e.Kr.</b>      | <b>MIDDELALDER (MA)</b>                                 |
| <b>1537 e.Kr. –</b>           | <b>NYERE TID (ETTERREFORMATORISK TID)</b>               |

Tabell 1. Tidstabell med perioder og dateringer (etter Indrelid, 2009).

Kulturminna og kulturmiljøa som finst langs kysten i Sunnhordland fortel om busetnad over lang tid. Mange funn frå forhistoria vitnar om tidleg bruk av området. Frå nyare tid er det småskalabonden sine spor som dominerer. Her finn ein ikkje prangande storgardar, og få nasjonale monument. Derimot finn ein kulturlandskap og gardsstruktur som kjenneteiknar den tradisjonelle vestlandsgarden der jordbruket aleine ikkje alltid var nok til å brødfø heile familien. I dei mange vikene og gode hamnene finn ein bygningsmiljø som vitnar om kor viktig sjøen var for kontakt og handel. Den historiske bruken av strandsona er sterkt knytt til næring og leveveg.

## 6 KULTURMINNE OG KULTURMILJØ I STRANDSONEPLANEN

Det har vore eit mål å identifisere dei kulturminna og kulturmiljøa i Sunnhordland som set eit sær preg på strandsona i regionen, og som Sunnhordlandskommunane har eit særskilt forvaltningsansvar for. Valet er basert på ei fagleg vurdering av dei kulturminna som er kjende i offentlege databasar, og kjennskap til regionen si kulturhistorie. Det har vore dialog med kulturminneforvaltning i Hordaland fylkeskommune og Sunnhordland folkemuseum som kjennarar av det overordna kulturhistoriske biletet i denne regionen.


Følgjande undertema med kulturminner er valt ut:

1. Steinalder-landskapet
2. Bergkunsten (malingar og helleristningar i berg og stein)
3. Kystrøysene
4. Forhistoriske nausttufter
5. Kyrkje - Kloster– Kongemakt – adelsskap og overklasse
6. Sjøbruksmiljø – leia, handel og overnatting
7. Kolerakyrkjegardar
8. Fiskarbonden – hus, gard og naust
9. Utnytting av råstoff i berg og fjell.

### 6.1 Steinalderlandskapet

Steinalder er rekna frå då dei første menneska kom til landet for 10 000 år sidan, og fram til ca. 2000 f.Kr. I den eldste delen av steinalderen var menneska jegerar som kom til kysten av Vestlandet frå Nordsjø-kontinentet. Dei hadde tilhald ved kysten og i høgfjellet, og flytta seg stadig. Buplassane deira finn vi att i form av avfallsmateriale etter tillaging av steinreiskap (pilspissar, økser, knivar). Flint var eit ettertrakta materiale som ein fekk frå Europa, men ein tok også i bruk lokalt råstoff som t.d. kvarts og kvartsitt, og etter kvart også grønstein og rhyolitt. I samband med utbygginga av Trekantsambandet (Bømlo, Stord, Sveio) vart det gjort ei rekkje funn i Sunnhordland.


Den sunnhordlandske fjordlandskapet med mange sund, øyar og vågar var ideelt for steinaldermenneska. Her var det rikt med fisk, sel, skjel, fugl, egg og bær. Fjordarmane ga lett tilkomst til høgfjellet med jakt på større dyr. Dei funnrikaste områda er likevel kysten. Søre Bømlo sin posisjon og unike rolle som sentrum og kommunikasjonsmessig knutepunkt for produksjon og distribusjon av grønsteinsøkser gjennom ca. fem tusen år av steinalderen er unik i nasjonal samanheng. Området her gjev eit særleg høve til å oppleve og forstå eit «steinalderlandskap» som framleis er nærest urørt av moderne inngrep. Området har stor pedagogisk verdi og opplevingsverdi, ikkje minst på grunn av den kulturhistoriske kunnskapskjeda som dette øyriket utgjer.



Figur 1. Registrerte steinalderlokalitetar i Sunnhordland. Lokalitetar som ligg lenger vekke frå sjø enn 200 meter er illustrert i grått.



*Figur 2. Sunnhordland sin kyst er eit typisk steinalderlandskap. På små flater i livd og ned mot små viker, kan ein finne buplassar frå steinalderen. Frå Sveio. Foto: Ida Kristin Vollum.*



Figur 3. Utsnitt fra Langevåg ved Børmlø som viser at steinalderboplussene ligg svært tett. I tidlegare tider har Vespestadvågen og Langevågen gått sammen i eit smalt og fiskerikt sund.

## 6.2 Bergkunst

Gjennom fleire tusen år har menneska uttrykt og formidla idear og tankar gjennom bilet. Bergbileta i Noreg finn vi som helleristningar på berg, steinblokker og mindre steinar og som maleri i holer og hellarar. Helleristningar er bilet som er hogd eller slipt inn i Stein eller fjell. Det er to hovudkategoriar helleristningar i Noreg. Dette er veideristningar som blir assosiert med jakt- og fangstsamfunn i steinalderen (10000 – 1800 f.Kr.), og jordbruksristningane som blei laga av ei befolkning som hadde jordbruk som næringsveg (opptrer frå kring 1800 f.Kr.). I Sunnhordland finn vi fleire bergkunstfelt som er knytt til den eldste jordbrukande tida, dvs. siste del av steinalder og bronsealderen, 2400 – 500 f.Kr. Helleristningane finn vi derfor helst i bygder og strok der denne levevegen tidleg vart etablert. Særleg rik på bergkunst er Etne kommune, men vi finn ristningar også i Sveio, Fitjar, Fusa og Kvinnherad. Vindafjord har ristningar på Bjoa. Dei fleste ristningar i Sunnhordland ligg høgare enn strandsona – i typiske jordbruksområde. Dette er tilfelle for dei fleste feltene i Etne.

To av feltene kan nemnast særskilt; dette er Fjøsneset i Etne og Samnøy i Fusa. Begge feltene har båtristningar – eit klassisk motiv ein gjerne finn ved ristningsfelt i strandsona. Ristningane er mellom 2500 – 4000 år gamle, og var oldtidsminne allereie i Vikingtid.




Figur 4. Båtfigur. Helleristning på Samnøy. Foto: Kjersti I. Vevatne, Hordaland fylkeskommune

Bergkunstfeltet på Årsand i Kvinnherad er spesielt. Dette er malingar som er svært sjeldne både i norsk og nordisk samanheng. Malingane representerer truleg ein annan tradisjon enn dei hogde ristningane i berg.



Figur 5 Eit strålekransa solbilete dominerer på bergflata. Frå bergkunstfeltet er det utsyn ned mot fjorden. Foto: Kjersti I. Vevatne, Hordaland fylkeskommune.




Figur 6. Bergkunst i strandsona i Sunnhordland. Bergkunst som ligg lenger vekke fra strandsona enn 200 meter er illustrert med grått.

Bergbileta er innsyn i folks si førestillingsverd i forhistorisk tid. Dei viser først og fremst ein del av menneska si tru, førestillingar og ritual, og dei var kanskje element i myter eller historier.

### 6.3 Kystrøysene


I kystleia har båt og skip passert i uminnelege tider. På gardane langs fjordar og sund finn ein ofte større samlingar med gravrøyser. Gravrøyser, som ofte blir datert til bronsealder og jernalder, kan følgjast gjennom heile Sunnhordland. Dei varierer frå store monumentale gravminne som er godt synleg frå kystleia, til mindre røyser.



Figur 7. Forhistoriske gravrøyser nær kysten i Sunnhordland. Røyser som ikkje ligg nær sjø er vist med grått.

Røysene har ei spesiell plassering i landskapet; dei ligg ut mot sund og farvatn – og ikkje sjeldan der det er litt trøngt. Enkelte har meint at røysene vart bygd ikkje berre for dei døde, men også for å navigere etter. Dette kan vere litt av forklaringa kvifor der er mange kystrøysar i Sunnhordland. Dei mange fjordarmane og sunda ga god samferdsle i regionen. I tillegg kan røysene vore markørar av territorier og synleggjort politisk og økonomisk makt.


Røysene fordeler seg i heile Sunnhordland, men det er tettast konsentrasjonar i midte fjordstrøk langs kysten av Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Tysnes. Kartet under viser eit typisk mønster for kystrøysene. Dei er ofte lagt langs smale sund – gjerne på begge sider, og markerer leia gjennom eit område.




Figur 8. Utsnitt frå kart som viser røyser langs Bårdssundet på Tysnes. Blå stipla linje viser historisk skipslei. Sjøbruksmiljø ved Klinkholmen og Kubbevik er markert grønt.

#### 6.4 Forhistoriske nausttufter

I det Sunnhordlandske landskapet har sjøen vore i bruk heilt frå menneske kom hit. Bygningar og konstruksjonar for båtar finn ein derfor gjennom heile forhistoria, historia og fram til og med i dag. Fleire stader ligg moderne naust og forhistoriske naust i nær samanheng. Nausttuftene i Sunnhordland høyrer med i ein større samanheng; sørvestlandet har ein større konsentrasjon av nausttufter samanlikna med dei fleste andre regionar i Noreg. Sunnhordland har derfor eit særskilt ansvar å forvalta nausttuftene på ein god måte, både fordi her er så mange, og også fordi naust er ein sentral del av denne regionen si historie og identitet.



Figur 9. Forhistoriske nausttufter i Sunnhordland.



Nausttuftene har i dag ikkje lenger synlege restar etter sjølve bygningen, men er markerte ved at støtteveggane i Stein på langsidene er synlege – ofte som låge, vegetasjonskledde og litt krumma vollar. Mot sjøen har nausttufta ingen vegg. Ofte ligg naustet noko høgare enn flomålet i dag, fordi landet har heva seg sidan naustet var i bruk. Ved enkelte naust kan ein og sjå båtopptrekk med steinheller og båtstø der båten landa. Dei forhistoriske nausta kan vere mellom 25 og 35 meter lange og 5-6 meter breie i opninga. I vikingtid og mellomalder vart nausta breiare og med rettare langvollar (Johansen 2002).

*Figur 10. Naust på Bjelland, Stord som var om lag 30x5 meter stort og datert til ca 300 e.Kr. Nedste illustrasjon er ei skisse som viser korleis naustet kan ha sett ut i tverrsnitt. Naustet vart arkeologisk undersøkt på 1960-talet og fjerna. Teikning etter Hinsch 1961, vist hos Myhre 1997.*


## 6.5 Kyrkje - kloster– kongemakt – adelsskap og overklasse

Vikingtid og tidleg mellomalder var ei viktig brytningstid mellom sterke krefter og personar. I denne tida var det store endringar i alle Skandinaviske land, og Sunnhordland var ein viktig del av dette. Harald Hårfagre vert rekna som han som samla Noreg til eitt rike, truleg ein gong på 880-talet. Han hadde tidleg kontroll over dei sørvestre delane av Noreg. Snorre nemner Fitjar mellom dei storgardane der Harald Hårfagre ofte heldt seg på sine gamle dagar. Det er mogleg han fekk hand om garden etter slaget ved Hafrsfjord. Sonen, Håkon den gode var ofte på Fitjar. Mykje tyder på at kongsgarden har lege der gamletunet på Fitjar-garden var, på vollen like aust for kyrkja (Kulturhistorisk vebok). Håkon den gode vart drepen i slaget ved Fitjar i 961.

I siste delen av vikingtida set kristendommen stadig større preg. Den sentraliserte og hierarkiske kristne organisasjonen sto i kontrast til åsatrua, og ga ytterlegare maktsentralisering rundt ein kristen konge.

Moster gamle kyrkje er ei steinkyrkje frå 1100-talet som ligg i Mosterhamn på øya Moster i Bømlo kommune. Kyrkja er ein viktig del av norsk kyrkjhistorie. Snorre fortel at Olav Tryggvason lot bygge en kyrkje her i 995, på same staden han hadde late det heidne hovet brenna. Olav den heilage heldt ting på Moster kring 1024, der den eldste kristenretten i Noreg blei innført. Moster kyrkje er rekna som ei av dei eldste i landet.

På Stødle i Etne heldt Magnus Erlingsson til, son av Erling Skakke. Han var den første kongen som vart krona av kyrkja – dette skjedde i 1163.



Figur 11. Kartet viser freda bygg og anlegg med namn på kyrkjer og kyrkjestedar (freda eller listeført). Kjende kongsgardar og baroniet i Rosendal er teke med i kartet (stjerner med raud tekst) sjølv om dei ikkje ligg i strandsona. Freda bygg og anlegg utanfor strandsona er illustrert i kartet med grå markering, utan namngjeving.



Figur 12. Eldre foto frå Fitjar. Kongsgarden skal ha lagt til høgre for kyrkja. Foto: Hordaland fylkeskommune



Figur 13. Moster gamle kyrkje..Foto: Anders Beer Wilse, 1929.

## 6.6 Sjøbruksmiljø og handel

Fiske og handel har historisk sett vore heilt sentrale næringsvegar og inntektskjelde for Sunnhordland. Dette har sett sine tydelege spor i landskapet, i form av handels- og gjestgjevarstader, naust, sjøbuer, nothengjer, salteri, båtverkstader, båtbyggeri, smier, butikkar, kaiar, sagbruk, for å nemna noko. Alle desse kulturminna har sin naturlege plass ved sjøen, fordi sjøen var nærings- og samferdsleveg. Desse kulturminna er ei viktig kjelde til kunnskap om sosiale tilhøve og byggeskikk, naturtilpassing og driftsformer i historisk perspektiv (Hordaland fylkeskommune, introduksjon i rapportar for sjøbruksmiljø). Svært mange av desse kulturminna er høgt skatta av oss som lever i dag, og er viktige for Sunnhordland sin identitet.

Nausta inst i fjøra var gjerne basert på robåtar som kunne dragast på land. Før 1900 var det mest robåtar ein brukte, og seglet var også bruk. Frå slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart sjøbruka større. Ein fekk større båtar og etter kvart kom også motoren slik at ein kom seg lengre til havs. Ein trong kaiar med større djupne, og ein bygde seg gjerne sjøbu eller naust på same staden. Dei store sildeinnsiga på 1800-talet og byrjinga av 1900-talet førde til gode inntekter og arbeid ute i kystdistrikta, bl.a. saltebuene vitnar om dette (ibid).



Figur 14. Vårsildfiske ved Haugesund. Billedsamlingen, UiB.




*Figur 15. Årbakka, Tysnes. Foto: Hordaland fylkeskommune*



*Figur 16. Hiskholmen, Bømlo. Dette handelsanlegget er vedtaksfreda. Foto: Erlend Hofstad, Hordaland fylkeskommune*

Byveksten i Europa på 1500-talet ga auka etterspurnad etter tømmer. Dette ga gode tider for Sunnhordland og Vestlandet. Handelen skjedde direkte med ei europeiske oppkjøparane, og førte til at utanlandske båtar kom til Sunnhordlandsfjordane. Her kjøpte dei bord, bjelkar og skipstømmer. For bønder med skog og bekkar der ein kunne føre opp sag, vart dette ei lukrativ attåtnæring. Nordmennene selde også båtar til skottane. Eit døme var hjeltabåtane («båtar til Hjaltland, det gamle namnet på Shetland). Eksporten av hjeltabåtane haldt seg ut over 1600-talet, også etter at tømmereksperten og skottehandelen gjekk ned. Mange hjeltabåtar vart produserte på Tysnes, og eksporten heldt seg i mange hundre år. På slutten av 1800-talet begynte ein i stade å bygge jekter. Oppgangssager, båtbyggarstader og mange stadnamn i Sunnhordland vitnar om denne aktiviteten.

I Strandsoneplanen er mange av dei kulturhistorisk viktige sjøbruksmiljøa kartfesta. Dette er basert på eldre fylkeskommunale register, og ei mellombels digital kartfesting (punkt) som vart gjort for nokre år sida. I denne rapporten er det teikna ut flater som indikerer større miljø av fleire bygg. Utsnittet er frå arbeidsdokument for denne rapporten, og viser kartfesting ved Kalve på Austevoll. Den trekke linja viser eit areal der kommunane kan vurdere om det er trond for omsynssoner i arealplanar – sjå hovudrapport for forslag til føresegner og forvaltning.




Figur 17. Døme på vurdering av sjøbruksmiljø og forslag til eit område der ein kan vurdere omsynssone for å sikre kulturhistoriske verdiar.

Tabell under viser registrerte sjøbruksmiljø i Sunnhordland (Hordaland fylkeskommune, rapportserie for Sjøbruksmiljø) som er kategorisert i A-verdi. Kategori B og C er vist i vedlegg til denne temaplanen.


|   |              |           |   |             |            |
|---|--------------|-----------|---|-------------|------------|
| A | Bakkasund    | Austevoll | A | Færøysund   | Fitjar     |
| A | Fagerbaksvåg | Austevoll | A | Hanøyvågen  | Fitjar     |
| A | Krosshamn    | Austevoll | A | Torsdagsøy  | Fitjar     |
| A | Kvalvåg      | Austevoll | A | Samnøysjøen | Fusa       |
| A | Stolmavågen  | Austevoll | A | Ådland      | Fusa       |
| A | Åsmundpollen | Austevoll | A | Havsgård    | Fusa       |
| A | Espevær      | Bømlo     | A | Strandvik   | Fusa       |
| A | Geitung      | Bømlo     | A | Engevikhamn | Fusa       |
| A | Hiskjoholmen | Bømlo     | A | Sunde       | Kvinnherad |
| A | Holmesjøen   | Bømlo     | A | Naustviika  | Sveio      |
| A | Slåtterøy    | Bømlo     | A | Vihovdevika | Sveio      |
| A | Øklandsvågen | Bømlo     | A | Årbakka     | Tysnes     |
| A | Tveitavågen  | Fitjar    | A | Nedre Våge  | Tysnes     |
| A | Engsund      | Fitjar    |   |             |            |

I miljøa ved Fagerbaksvåg, Austevoll og Hiskjoholmen, Bømlo er fleire bygg mellombels freda etter kulturminnelova.



Figur 18. Kartet viser registrerte sjøbruksmiljø i Sunnhordland med verdisetting. Miljø i kategori A (raude) i fredningsklasse har høge verneverdiar knytt til både enkeltobjekt og samanhengen dei ligg i. Miljø i kategori B (orange) har verneverdiar til enkeltobjekt og miljø. Miljø i kategori C (gule) har verneverdi knytt meir til enkeltobjekt og mindre til miljø.


Ved handelshammnene og gjestgjevarstadene var det naturleg nok stor aktivitet i sjøen utanfor. Her er det ofte gjort marinarkæologiske funn, enten i form av skipsvrak, men også som ballastrøyser eller som tapt last o.a. Alle marine kulturminner eldre enn 1537 er automatisk freda. Skipsvrak som er eldre enn 100 år er freda.



Figur 19. Marine automatisk freda funn i Sunnhordland

Den viktigaste samferdsela føregjekk til sjøs. Fyra var svært viktige for transport og reiser. I landsverneplan for maritim infrastruktur inngår Økshamaren fyrstasjon på Austevoll (freda), Slåtterøy fyr på Bømlo (freda) og Krossen varde på Bømlo (ikke freda). For fyra er plassering i landskapet ein svært viktig del av opplevinga av dei som kulturminne.

I tillegg er Kulleseidkanalen på Bømlo registrert som ein verneverdig kanal i landsverneplanen. Vedtak om bygging av kanalen vart gjort i 1853. Den vart lagt gjennom Kulleseidet i ei lengde på ca. 1,7 km med 3 ulike parsellar. Den er 3,5 km. lang og har tre parsellar. Kanalen førte til at det vart langt kortare å segle frå «innsida» og «utsida» av Bømlo. Kanalen er mykje brukt.



Figur 20. Kartet viser kulturhistoriske fyr i Sunnhordland. Økshammaren og Slætterøy er vedtaksfreda.

## 6.7 Kolerakyrkjegardar

På midten av 1800-talet var det utbrot av kolera fleire stader i Europa. Til Norge kom sjukdomen i 1849. Då hadde norske styresmakter sett i gong tiltak for å vere budde på at mange ville dø. Ein var bekryra for at kolera ville ramme under det store vårsildfisket som fann stad kvar vinter i området mellom Skudeneshamn på Karmøy og Brandasund (Bømlo kommune). Opp mot 50 000 menneske var med i dette fisket. Særleg utsette stader var m.a. Røvær (Haugesund), Espevær og Mølstrevåg. I slutten av januar 1849 dø dei første fiskarane av kolera i Røvær ved Haugesund. Mange reiste heim, redde for å bli smitta, og

nokre drog til Mølstrevåg, Tjernagel eller Espenvær for å halde fram fisket der. Første veka i februar braut det ut kolera i Sveio.


Lika måtte gravleggjast på eigne avdelingar på kyrkjegarden, med god avstand til kyrkje og bustadhus. Der måtte vere tørr jord. I tillegg måtte gravene vere 2,5 meter djupe. Om ein ikkje fekk dette til i nærleiken av kyrkjegarden, måtte ein lage ein eigen kolerakyrkjegard på eigna stad. Det viste seg også praktisk å ha kyrkjegardane plasserte slik at lika lett kunne fraktast frå hamnene til vårsildfiskarane. Fleire av desse kyrkjegardane var allereie etablerte før koleraen for alvor braut ut. I Bergen døydde over 600 menneske i løpet av tre månader. I det som i dag er Bømlo kommune og store delar av Sveio døydde minst 100 i løpet av tre veker (Kjelde: Sverre Halleraker – Den store koleraepidemien).



Figur 21. Kolerakyrkjegardar i Sunnhordland. Kartet viser også dei der geografisk plassering er usikker (svart ring). Kyrkjegardar med sikker plassering lengre vekk fra sjø enn 200 meter er vist med grått. I dette kartet er også kolerakyrkjegardar i Vindafjord vist.

## 6.8 Fiskarbonden – tunet ved fjorden

I det sunnhordlandske kulturlandskapet er det småskalabonden sine spor som set preg. Her finn ein ikkje prangande storgardar, men eit kulturlandskap og ein gardsstruktur som kjenneteiknar den tradisjonelle vestlandsgarden kor jordbruket aleine ikkje alltid var nok til å brødfø heile familien. Enkelte bygningsmiljø er svært autentiske og gode døme på dette levesettet. Nokre av dei er i dag bygdetun, slik som Sæbtunet i Etne, Årskog i Fitjar og andre som er med i kartet under. Sunnhordland *har langt fleire* viktige kulturhistoriske bygningsmiljø knytt til fiskarbonden. Dei er dels innlemma i det omfattande SEFRAK-registeret som ikkje er teke med her. Mange av tuna ligg ikkje i strandsona, og vil ikkje inngå i denne planen. Men vegen mellom tun og fjord er ein viktig samanheng som ligg nettopp i denne sona.



Figur 22. Kartet viser nokre av dei kulturhistorisk viktige tuna i Sunnhordland, basert på dei som er presentert i bokverket «Kulturhistorisk veggok for Hordaland». Ei samla registrering av særleg viktige historiske gardstun er ikkje laga. Oppføringa av desse tuna i strandsoneplanen kjem i tillegg til dei andre kulturminna som viser fiskarbonden sitt levesett. Sjøbruksmiljøa er særleg viktig.

## 6.9 Utnytting av råstoff i berg og fjell.

Bergverksdrifta på Bømlo i steinalderen er truleg eitt av Noregs eldste industrialsamfunn. Steinbrotet på Hespriholmen er eitt av dei mest sentrale steinbrota for råmateriale til økser i bergart på Vestlandet. Det er teke ut stein frå grønsteinsbrotet gjennom mange tusen år.

Tidfestinga har arkeologane gjort ved å analysere strandlinjekurver og undersøkingar av buplassar i området. I området er det fleire strandlokalitetar og buplassar. Særleg mange buplassar er registrerte i området kring Langevåg og Vespestad.

Grønsteinsbrotet, der det i hovudsak har vore teke ut råmateriale til steinøkser, gjorde Sunnhordland-området til eit sentrum for jakt- og fangstkulturen på midtre del av Vestlandet. Det er funne reiskap i grønstein på buplassar over heile dette området. Analyser viser at


økser i grønstein frå Bømlo-området er spreidde på heile Vestlandet. I Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er økser i diabas frå Stakaldeneset i Flora dominante. I Hordaland er det økser i grønstein frå Hespriholmen vest for Bømlo som finst i størst tal. Vi kan difor sjå for oss eit stabilt samfunn med ei viss spesialisering og arbeidsdeling basert på bytehandel med økser og emne frå Hespriholmen. Steinalderbrotet her er eineståande i sitt slag og er eitt av dei tidlegaste døma på varmesprenging i bergbrot vi har.



Figur 23. Hespriholmen. Foto: Hordaland fylkeskommune




Figur 24. Siggjo, Bømlo. Kjelde: Wikipedia (Commons)



Figur 25. Kartet viser det vi kjenner til av automatisk freda steinbrot og råstoffuttak i strandsona. I tillegg til desse finst der ei rekke uttak av råstoff og produksjonsstader i Sunnhordland som ikke er freda og systematisk kartlagt. Der er m.a. blitt tatt ut granitt, marmor, svovelkis, koparkis og skifer. Børmlø har særleg mange uttak. Gullgruvene på Lyking, Børmlø er markert (orange).

## 7 SAMANDRAG OG AVSLUTNING

Sjø- og strandsone har vore heilt sentral for næring og leveveg så lenge det har budd menneske i Sunnhordland. Kulturminna er med på å sette eit felles reg for heile regionen, men viser også variasjon og mangfald frå den øyrike ytterkysten i vest til det bratte fjordlandskapet i aust. Generelt er Sunnhordland kulturminnerikt. Kulturminna fortel om busetnad frå dei eldste tidene i steinalder heilt til vår tids bruk av kysten med hamner, naust og fritidshus. Generelt er det småskalabonden, eller fiskarbonden sine spor som dominerer. Her finn ein ikkje prangande storgardar eller nasjonale monument, men derimot eit kulturlandskap og ein gardsstruktur som kjenneteiknar den tradisjonelle vestlandsgarden der jordbruket aleine ikkje alltid var nok til å brødfø heile familien. I dei mange vikene og gode hamnene finn ein bygningsmiljø som vitnar om kor viktig sjøen var som ressurs, ferdslle og handel.



Figur 26. Kulturminnegruppene som er trekt fram i strandsoneplanen er vist i kulturminnekartet. Område der kulturminne ligg tett er framheva særskilt som kulturminnerik strandsone. Desse områda kan ha større samanhengande kulturmiljø med verdiar. Steinalderbuplasser er vist i kartet, men har ikke vore med i grunnlaget for definisjonen av kulturminnerik strandsone.

## 8 KJELDER OG ARKIVOPPLYSNINGAR

Askeladden. Nasjonal fornminnedsatabase. Riksantikvaren. [www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)

Fett, Per. Førhistoriske minne på Vestlandet. <http://www.dokpro.uio.no/>

Johansen, Hans Marius, 2002: Naust fra jernalderen. Spor 2002-1. Vitenskapsmuseet NTNU

Riksantikvaren (2003) Rettleiar. *Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar*

Sunnhordland museum: <http://www.sunnhordland.museum.no/>

Norsk fyrhistorisk foreining. <http://www.fyr.no/>

## **9 VEDLEGG TIL KULTURMINNETEMA. STRANDSONEPLAN SUNNHORDLAND**